

Til Naustdal Røde Kors Hjelpekorps

Grunneigartillatelse for å køyre opp skiløyper i området ved Vonavatnet utanfor landskapsvernområdet.

Viser til muntlege avtaler inngått mellom Naustdal Røde Kors Hjelpekorps og grunneigarar med eigedomsrett i Vonavatn området: Olav R. Fimland, Marius Nes, Odd Vonen, Arne Kjell Fimland, Egil Eimhjellen, Asle Grimset, Kjell Klopstad, Normund Svoen og Olav Svoen.

Løypekøyringa gjeld Vonavegen til Vonavatnet, frå nausta over vatnet til Vona gard, frå nausta til Stranda, og frå nausta til Holene. I tillegg kan der leggast løype frå nausta ved Vona gard og til Holene langs nord/aust sida av Vonavatnet. Vidare kan det leggast løype frå Holene på vestsida av elva mellom Vonavatnet og Stølsvatnet og opp på kanten til ein ser innover Stølsvatnet.

- Det skal **kun** køyrast opp løyper i dei fastlagte traseane når behovet melder seg, etter snøfall eller dersom føret gjer det vanskeleg å ta seg fram utanfor oppkøyrd trase.
- Traseen skal ikkje nyttast utanom til trening / øvelsekøyring
- Løyyet gjeld for seinvinteren 2011. Nytt løyve for 2012 må innhentast før starten på neste sesong. Søknaden kan stilast til Øvre Naustdal Utmarkslag ved leiar.
- Øvre Naustdal Utmarkslag deltek ikkje i nokon form for økonomisk godgjersle for dei utførde tenestene.
- Reglane for helgekøyring med sine retningslinjer skal gjelde som tidligare.

Tillatelsen er elles regulert ut frå dei avtaler som er gjort med Naustdal kommune.

15.03.11

På vegne av Øvre Naustdal Utmarkslag

Normund Svoen (sign)

leiar